

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 16/2003

Møtedato: 5.2.03

Arkiv nr: F 226

F 226, S.TRØLLHØVD – SØKNAD OM INNGJERDING

Statskog skriv i brev datert 15.1.03 følgjande:

Vestre Slidre statsallmenning. Feste 0543/94/1/226 Vemund og Elin Camilla Imrik. Søknad om inngjerding på stølsvollen til S588 Steinar Kvåle.

Oversender kopi av søknaden fra Steinar Kvåle av 08.01.03 med riss.

Jeg har beregnet arealet av inngjerdingen til ca. 740 m².

Det spesielle er at gjerdet iflg. kjøpekontrakten tilhører stølsbrukeren og at stølen skal ha kjøreveg gjennom inngjerdingen der det er skissert 2 grunder.

Vi så vel på den påbegynte inngjerdingen under vegbefaringen.

Vi ber om fjellstyrets uttalelse til søknaden.

Når det gjelder vegspørsmålet, opplyste Kvåle, når han leverte søknaden her, at de ville komme tilbake til dette.

Fjellstyret har i sak 53/2000 tilrådd at inngjerding av hytter bør skje etter følgjande retningslinjer:

1. Hytter skal i utgangspunktet ikkje føre opp gjerde.
2. Etter skriftleg søknad kan det gjevast dispensasjon til inngjerding når det ligg føre særleg behov, t.d. mykje beitedyr.
3. Gjerde skal først opp av trematerialar. Portalar e.l. er ein del av gjerde og skal ikkje tillast.
4. Løyver for inngjerding skal kunne seiast opp med 6 månaders varsel.
5. Ved hytter på stølsjorder skal ein normalt kunne gjerde inn hyttetunet. Hyttfestaren skal også føre opp gjerde dersom stølsbrukaren krev det.
6. For hytter i hyttefelt skal det berre gjevast dispensasjon for mindre inngjerdingar t.d. uteplass/inngangsparti.
7. For hytter utanom stølsjorder og hyttefelt kan det gjevast dispensasjon for inngjerding av inntil 500 m², men det kan i særlege tilfelle gjevast løyve for større areal.
8. Ved festeoverføringar og søknad om byggeløyve skal ein prøve å få eldre inngjerdingar i samsvar med overståande.

I sak 80/02 behandla fjellstyret søknad om veg ned til hytta og gjorde følgjande vedtak:

Fjellstyret finn ikkje at det er lagt fram nye opplysningar som tilseier at ein skal endre avtale som vart gjort under befaringa.

Fjellstyret ber festaren vurdere alternativet om å flytte hytta ut frå stølsjordet.

Statskog ber fjellstyret om uttale til søknaden.

Det er stølsbrukaren Steinar Kvåle som søker om inngjerding med bakgrunn i kjøpekontrakt. Den nye hyttfestaren har ikkje gjeve tilbakemelding på fjellstyret sitt vedtak.

VEDTAK:

Før fjellstyret tek opp saka til behandling ber om avklaring frå den nye festaren om det er aktuelt å flytte hytta ut av stølsjordet.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift:

Statskog, postboks 61, 2901 Fagernes
Steinar Kvåle, 2966 Slidre
Ole og Grete H. Østbøll, Ingierkolv. 70, 1410 Kolbotn